



Dato 17.01.18

Saksbehandler Anders Aabø

REFERAT frå styremøte 08.06.16, Statens hus, Stavanger.

Til stades: Astrid Fjeld, Hans Widerøe, Anne Hestad Hem, Kjell Olav Henriksen, Svein Tengesdal, Anders Aabø.

Sakliste: 38/16 Godkjenning av referatet frå møtet 11.05.16.
39/16 Økonomi.
40/16 Studieturen 2016.
41/16 Landsmøtet 2016; delegat.
42/16 Skolemøtet 2017.
43/16 Årsmøtet 2017.
44/16 Implementering av rammeplanen.
45/16 Orienteringssaker.

Sak 38/16: Referatet frå møtet 11.05.16 samrøystes godkjent.

Sak 39/16: Saldo pr 01.06.16: Kr 45.000,-. Det er ikkje kome noko tilskot frå Trondheim så langt dette året. Kasseraren peikar på at ting tek lengre tid etter at rekneskapen vart overført til sentralledet.

Sak 40/16: Det er 13 deltakarar på studieturen til Finland. Styret ønskjer å få innspel på kvifor ikkje fleire vert med; dette vert teke opp på leiarmøte komande haust.

Reise og hotell – Ansvar: Anders Aabø. Dette er klart.

Kveldsprogrammet – Ansvar: Hans Widerøe. Hans sender ut info om kveldsprogrammet og vurderer prisar i forhold til kva utgifter som kan gå inn i totalprisen for turen.

Dagsprogrammet – Ansvar: Anne H. Hem og Kirsten J. Steffensen.

Aktuelle besøk: Espo, Sibeliusakademiet, Sibelius – bustad, Sirkus og teater skule, kreativt senter. Anne og Kirsten avklarar kor mykje som skal / kan inn i programmet for turen.

Sak 41/16: Jfr sak 34/16. Hans Widerøe undersøker om ordføraren i Hjelmeland kan vera delegat på landsmøtet komande haust. I tilfelle negativt svar, vert det berre 4 delegatar frå Rogaland på møtet.

Sak 42/16: Skolemøtet 2017 vert arrangert medio november. Dette er eit prioritert arrangement / samarbeidspart for Norsk kulturskoleråd Rogaland.

Styret er kjent med at «Kulturskoledagene Vest – 2017» skal arrangerast i Rogaland, med fylkesavdelinga som medarrangør. Styret meiner desse to arrangementa må samordnast, og rådgivaren får i oppdrag å ta dette opp som sak både med Skolemøtet og Norsk kulturskoleråd sentralt. Dersom ei slik samordning ikkje let seg gjere, prioriterer fylkesavdelinga Skolemøtet.

Sak 43/16: Årsmøtet 2017 er, som tidlegare referert, lagt til Thon Hotell Maritim i Stavanger 09. – 10.03.17. Konferansedelen vert torsdag 09. mars, og årsmøtedelen fredag 10. mars.

Sak 44/16: Saka vart utsett til neste møte / leiarmøte.

Sak 45/16: -Fylkesleiaren orienterte m.a. frå organisasjonssamlinga; stikkord: Nye vedtekter: 4 – årige landsmøteperiodar, landsstyre. Litt uavklart med representasjon i landsstyret; 1 frå kvar fylke, eller berre leiarane i fylkes- / regionsstyra? (Sentralstyret er i tillegg del av landsstyret).

-Rogaland var eitt av to fylke som prøvde ut ordninga der rekneskapen vert ført sentralt. Ein stiller seg undrande til kvifor Trondheim ikkje innhenta / etterspurde kva erfaringar prøvefylka hadde med ordninga før ein innførte ho i dei andre fylkes- / regionsavdelingane.

-Det er sett ned eit utval som skal sjå på arbeidssituasjonen til fylkes- / regionsrådgivarane.

-Det bør avsetjast «summe – tid» på leiarmøta i fylket.

Finnøy 10.06.16.

Anders Aabø
(Referent)